



SPANANDE JOBB: Bringeduk-drakta er særreigen, det finst faktisk 40 variantar. Det er triveleg å sy slike fordi det også gjev stor variasjon i arbeidet. Ingen er dønn like, seier Grethe Rudi Bråten.



MANGE VARIANTAR: Dei to damene som eig Valdres Folkedraktsaum «regjerer» i kvar sin etasje i Jonsheggebygningen på Museet. Gunhild Nørsterud har spesialisert seg på herrebunader.

Grethe og Gunhild vil selja

Valdres Folkedraktsaum har eksistert i 26 år. No startar ei ny epoke.

I 2016 er det slutt for Grethe Rudi Bråten og Gunhild Nørsterud, som i 26 år har drive Valdres Folkedraktsaum på Valdres Folkemuseum. No leitar damene etter verdige arvtakarar.

Valdres Folkedraktsaum har i over 25 år produsert valdresbunadar av høgste kvalitet. No er det snart slutt, damene har telt på knappane og bestemt seg for å trapp ned. Grethe Rudi Bråten vart pensjonist for fleire år sidan, Gunhild Nørsterud har nettopp runda 60. No søkjer Grethe og Gunhild interesserte arvtakarar.

– Vemodig

– Det er klart det er vemodig, men du verda så moro vi har hatt det. Ja, det har kanskje vore som eit ekteskap skal vera, godt samansveisa, seier Grethe Rudi Bråten. Eg kjem ikkje til å sakne arbeidspresset, men kontakta med publikum og kjøparane, den vil eg nok både sakne og sjå tilbake på med stor glede. Og så vil eg sakne kollegaen min, seier ho og ler. Eg har fått mange gode vener gjennom åra på verkstaden, seier Grethe.

Fløt frå Valdres

Gunhild Nørsterud har seld huset på Strand og kjøpt seg hus på Sundvollen. Framover blir det hybelliv og pendling til Fagernes. På sikt ser også ho for seg å trekkje seg ut av firmaet. Medan Grethe har produsert kvinnebunader, har Gunhild syd klede til



BUNADEKSPERTAR: – 26 år er mange år å jobbe saman, men det har vore særst trivelege år, fortel Gunhild Nørsterud (t.v.) og Grethe Rudi Bråten. Bunad er deira fag og sjølv titulere dei seg som bunadtilverkarar.

mannfolka.

– Fleire og fleire mannfolk ynskjer seg bunad, seier Gunhild, så her er det meir enn nok arbeid for den som vil inn i bransjen.

Det har ikkje mangla arbeid for dei to driftige damene. Marknaden synast umetteleg. Kvart år blir det om-

sett bunader for ein milliard kroner i Norge. To millionar nordmenn eig ein bunad. Den norske bunadparken har ein anslått verdi til cirka 30 milliardar kroner. Grethe og Gunhild har òg nytt godt av den store etterspørselen. Det er jamvel grunnlag for fleire tilsette, skal ein tru Rudi Bråten og Nørsterud.

Svake handverkstradisjonar

Valdresmuseum, som er vertskap og utleigar for Valdres Folkedraktsaum, ser med bekymring på at Grethe og Gunhild vil gje seg i Valdres Folkedraktsaum.

– Verkstaden i Jonshegge-bygningen er eit unikt møte med Valdres Folkemuseum, sjølv om verkstaden ikkje er ein forretningsmessig del av museet. Slikt finn ein ikkje mange stader, seier Ole Aastad Bråten ved Valdresmuseum.

– Sjølv om dette er ei verksemd som står solid innafør den kommersielle produksjonsmarknaden, representerer Grethe og Gunhild også eit lite verneverdig handverksfag i Norge. Som nasjon, og gjennom internasjonale konvensjonar som Norge har slutta seg til, har vi ei plikt til å ta vare på slike handverk, seier Bråten.

Sterkt fagmiljø

I nærare 26 år har bunaddamene jobba saman, og vel det som er verd å veta om bunader har desse kvinnene innabords. Det er eit sterkt fagmiljø på bunad i Valdres, og den statlege institusjonen Norsk bunad- og folkedraktråd held også til på museumsområdet. Dei to kvinnene ser på det som ein styrke at ei slik verksemd ligg lokalisert på museumsområdet.

Når vi spør damene om dei har sine favorittbunader, seier Gunhild:

– Då er det blåtrøye-bunaden, ein av fleire valdresmodeller, seier ho utan å nøle. – Eg held no ein knapp på bringeduk-drakta, eg då, seier Grethe Rudi Bråten.

TORBJØRN MOEN